



Janove Foto: Grethe Nygaard

**Då er programmet for 2019 klart! Eit fargerikt fruktfat av artistar skal deiga seg saman med oss på Dønhaug. Det er berre å trimma dansemuvsu og sommarbarten. Snopa seg pass til familie, vener, naboen og seg sjølv. Og telja ned dagar. Sommaren er skremmande nære. Og den skal sjølvstast nytast ute i både Guds og Human-etisk forbund sin frie natur. Så ta å gjer det i fellesskap på Festidalen! Akkompagnert av skikkeleg snadder musikk. Og skikkeleg herlege folk. Og i heilt forbaska smude omgjevnadar!**

## Janove

Noreg sin største frontmann gjennom tidene kjem til Uskedalen! Kaizer-universets far, døypar og bøddel, Janove, kjem solo. Etter 20 år som artist gjorde Janove, for første gang, konsertar aleina i fjor. Han slapp «Spindelvevriff EP», og turnerte landet til ståande ovasjonar. «Perfeksjonisme i dempa og rå form» skreiv BA, og trilla ein seksar. Til hausten vert det ny turne, med allereie utselde konsertar eit heilt år i førevegen. Men du får altså sjansen til å oppleva han hos oss i sommar! Dette vert mjukt, meisterleg og minnerikt.



RealOnes Foto: Francisco Munoz

## Real Ones

Real Ones er eit av dei banda du berre må sjå live. Noko Dagbladet stadfestar, og kåra dei til « Noregs i særklasse beste liveband». Det er pop og det er folkrock. Det er leikent og rutinert. Det er fleirstemt og fleifoldig. Men mest av alt, smellvakkert! Klin deg inn med solkrem, rull eit strå inn i munnviken og ein smørblom bak øyra, Real Ones har nemleg kvasse planar om å pusha livskvaliteten til maks!

## Saftig Utsegn frå Daidalos:

- Festidalen skal vera eit retteleg kulturbeite. Og servera eit fat proppa med musikalsk kraftfôr. Det har vore mantraet i alle år. Og på dette beite skal me eta oss gladfeite på sosialt samvære og høyra oss oppstemte på musikk.
- Janove er ein levande legende. Få har påverka både popen og rocken i landet som han. Og satt ein heilt imponerande standar for liveshow. No kjem han i ny drakt. Nesten i adamsdrakta, for no kjem ein heilt inn på han. Dette blir tett og sterkt!
- Real Ones er storprodusentar av smil. Og feelgood. Du får ein hubbabubba av meg om du finner ein på jordet som ikkje smiler under «Every Dog Has Its Day».
- Me vil ha eit arrangement for folket, av folket. Me vil vera det me kvinnheringar er. Å vera frå «bondelandet» er ei heidersnemning! Og det betyr ikkje at me kunn høyrer på køntri eller panpipe-moods. Sjølv om me sjølvsgagt gjer det også. Nei, me skal ha nytt og gammalt. Frå alle sjangrar. Men i våre kvinnherske rammer. Festidalen er eit postkort med supersnasen natur som sendes med gode vibbar.

Tekst: Pressemelding Festidalen ved Daidalos Dahle  
Janove, Foto: Grethe Nygaard  
Real Ones, Foto Francisco Munoz  
Nett: Hans Ordin Østebø